



Hol kommune,
Bygdearkivet,
3576 Hol.

Tønsberg, 15. juni 2017

**Prosjekt "Digitalisering av Olav Sletto-arkivet".
Rapport II – arkivboksane/mappene 19, 22.6, 22.1 og 21.3 er
ferdig digitalisert.**

Vi viser til samarbeidsavtala mellom Hol kommune og Olav Sletto-selskapet om digitalisering av Olav Sletto-arkivet. Avtala inneber at selskapet gjer det praktiske arbeidet med digitaliseringa. Hol kommune/Bygdearkivet syter for profesjonell og trygg langtidslagering.

Det er med glede vi oversender resultatet av arbeidet fyrste halvår 2017. Alle dokumenta som er vurdert relevante i arkivboks 19 – Brev – er no ferdig digitalisert. Det vil si at det er gjort avskrift av desse dokumenta. Dei og originalane er skanna og lagra på minnepinne (kvit, mrk. 19 – sjå eigen rapport vedlagt denne) som ligg ved dette brevet. Breva er lagt i separate mapper, etter adressat.

På den svarte minnepinnen er mappene 21.3 og 22.1 bolk I, II og III av brevvekslinga mellom Olav og Karin Sletto lagra, både avskrifter og skanna originalar. Bolk I omfattar brev i perioden 1909 til borgarleg vigsle i Drammen tinghus 27. juli 1911, nummerert som brev 1 – 50 frå Olav til Karin og brev 1 – 36 frå Karin til Olav. I bolk II ligg brev 51-78 frå Olav til Karin og brev 37- 53 frå Karin til Olav i tida mellom 28. juli og 30. august 1911. I bolk III ligg brev 79-100 (4.2.-28.3.1912) Olav til Karin, og brev 54-63 (2.3.-14.3. 1912) frå Karin til Olav.

Då var det pause i brevskrivinga fram til byrjinga av februar 1912 (bolk III). I tida september 1911 – februar 1912 budde dei under same tak, først i Kristiania, og så i København frå slutten av september 1911 til dei var attende i Norge i begynnelsen av februar 1912.

Bolk IV handlar om tida etter København og åra på Skjæret og i Vesleheimen i Vollen, Asker, der dei budde 1912-1917. Denne bolken kjem på eigen minnepinne seinare.

Arkivboks 22.6 (OS-brev til Kristoffer Uppdal) er også med på svart minnepinne.

Forutan å halde fram med brevvekslinga mellom Olav og Karin Sletto, er vi også i gang med digitalisering av den omfattande brevvekslinga mellom Alf Larsen og Olav Sletto (arkivboks/mappe 18.6, 18.7 og 18.8).

Grunnlaget for vårt arbeid er eit papirarkiv som er grundig og velordna. Vi følgjer same logikken i lagringa som er brukt her i vårt arbeid. Ein stor tidlegare innsats frå Kåre Olav Solhjell og Arne Skogheim kjem oss til gode no. Papirkvaliteten på nokre av dokumenta er litt sprø, så det synest vera på høg tid å digitalisere stoffet og slik gjera det tilgjengeleg for vidare gransking og anna publisering.

Stoffet skal, slik avtala med Hol kommune er, lagrast profesjonelt i Hol bygdearkiv. Det er viktig at dette blir gjort raskt og kontinuerleg, for minnepinnar er ikkje egna for langtidslagring.

Arbeidet med digitaliseringa av Olav Sletto-arkivet skal dokumenterast.
Vi ber derfor om skriftleg attendemelding og retur av minnepinnane når dei er
forsvarleg lagra, og etterlyser samstundes ei formell stadfesting av Hol
kommunes handsaming av det stoffet som alt er digitaliserte, jfr. Olav Sletto-
selskapets Fyrste rapport (Rapport I) av 20. januar 2017.

Styret i Olav Sletto-selskapet vurderer korleis ein mest optimalt kan publisere stoffet på eigne heimesider – www.olavslottoselskapet.no Dette er plasskrevande dokument, og vi har berre ein blogg. Kan hende trengs ei anna form og meir plass. Vi røyner også at digitaliseringa har ei kostnadsside (fargekapslar, papir) som vi må få koma attende til. Desse utgiftene er å forstå som prosjektutgifter, ikkje drift.

No går vi vidare med Olav Slettos korrespondanse. Den er stor! Vi er fire personar som er i sving, og reknar med at dette vil vera hovudoppgava for Olav Sletto-selskapet i heile 2017.

Takk til Hol kommune som hjelpte oss med fleksible og praktiske løysingar for arbeidet!

Besthels

Eva Almhjell
for styret i
Olav Sletto-selskapet

Vedlegg: Rapport frå Margarethe L'orange, som har digitalisert arkivboks 19. Rapporten er datert 12. mars 2017.

Arkivboks 19. Mappe 19.1. Ymse brev, er nå ferdig. Den inneholder (mange) brev av mindre interesse. Ikke noe interessant for forskere, så vidt jeg kan se: postkort, takk for lånet av boka, jeg glemte barberkosten min hos deg - kan du sende den, etc., - er det jeg har fått ut av en liten gjennomblading. Så den mappa lar jeg være. Det samme gjelder mappe 19.4. Alminnelige brev fra forfattarforeininga.

Digitalisering/avskrift av boks 19 inneholder etter dette: **Mappe 19.2.** Brev frå kjende menn og kvinner; **Mappe 19.3.** Brev frå Lars og Sigurd Reinton; og **Mappe 19.5.** Brev frå ulike avsendarar. I den mappa fant jeg også brev som hørte til i hhv. Mappe 19.2 og 19.3, dvs fra avsendere som alt var registrert i den mappa, så de flyttet jeg dit og arkiverte under riktig navnemappe, slik at alt fra samme person ligger på ett sted. Gjelder ett fra Ingeborg Møller og to fra Idar Handagard til Mappe 19.2 og ett fra Lars Reinton til Mappe 19.3

Eva Almhjell har korrigert i samsvar med dette i katalogen på olavslettoselskapet.no